

Ordførar André Mundal Haukås sin 17. mai-tale 2024 – Bua krins

Kjære alle saman – tusen takk for at får komma til dykk her i Bua å holda tale - og gratulera så mykje med dagen!

Eg set stor pris på at me er saman her for å feira nasjonaldagen vår, sjølve grunnlovsdagen. Det er ein flott dag for oss alle, men spesielt skal detta vera borna sin dag. Det er dei som er framtida, og som me håpar skal sitja att me gode minner frå krinsen og kommunen vår, slik at dei også sjølv seinare i livet vil busetja seg og laga sine eigne gode minner her på «Gullkysten».

I år er det 210 år sidan grunnlova vår vart undertekna på Eidsvoll. Den er eitt av våre alle viktigaste dokument, og formar måten landet vårt vert styrt på. Den seie kven som skal få stemme ved val, og kva rettar me som bur her i landet, skal ha.

Me er heldige som bur i eit trygt land med eit solid demokrati. Eit land der både ytrings- og religionsfridom og rettstryggleik står sterkt. I Noreg kan du kan seie, tenkje, skrive og meine det du vil. Du er fri til å elsa den du vil, og tru på det du vil. Og du skal ikkje straffast utan å ha brote ei lov. Denne fridomen ser ein diverre ikkje over heile verda.

Vår fridom og vår fred er verdifull, og eg tenkjer at i ei tid som no, er det viktig å anerkjenne det arbeidet og dei offera som har vorte gjort for at vi skal kunne leve slik vi gjer i dag. Det minner oss også om kor avgjerande det er å verne om desse verdiane og å arbeide aktivt for å styrke demokratiet og rettane – ikkje berre her heime, men også i verda ikring oss.

Men i år er det ikkje berre Noreg som har bursdag. Også Sveio kommune har i år bursdag, og kunne 1. januar feira 60 år. På mange måtar vert det som å feire diamantbryllaup mellom dei tre tidlegare kommunane; Sveio, Valestrand og Vikebygd. Den flotte jubilanten står seg sterkt og samla, og det er flott å sjå alt liv og engasjement som er i dei ulike bygdene som er med på å utvikla kommunen vidare.

Eg er heldig som ordførar å få oppleva mykje av det som skjer rundt i den vidstrakte kommunen vår. Her til Bua har eg hatt gleda å bli invitert fleire gonger, eg har storkost meg kvar einaste gong. Eg er djupt imponert over det engasjementet me ser her i bygda. De har eit pågangsmot og ein optimisme som eg veit at fleire krinsar ser til for å byggja seg sjølv opp.

I ei engasjert bygd bur engasjerte menneske. Så framtredande er dette at då ein i Haugesund skulle finna ein god ordførarkandidat, måtte det sjølvsagt bli ein Sveibu frå Bua. Det gjorde meg svært stolt då Vestavind etter valet kunne melda at det no var to Sveibuar som fylde rolla som ordførar. Sveio og Haugesund har eit godt samarbeid, og eg har stor gleda av å samarbeida med Nils Konrad. Han har ein entusiasme og eit pågangsmot som heilt tydleg reflektere bygda han er oppvaksen i.

I desember hadde me i kommunestyre fleire viktige saker på agendaen. Budsjettet skulle landast og reguleringsplan for Tjernagelvegen skulle ein vedta for å nemna noko. Men det eg hugsa best frå dette møte var den store gleda eg hadde av å få dela ut Sveio kommune sin kulturpris. Saman med utspekulerte kjende hadde me greidd å lura Alf Edvin Hovda til å tru at han kom å fylgja vegsaka, og lite viste han då eg stolt kunne overrekka han eit kunstverk som takk for ein allsidig, og trufast innsats for både eiga bygd, men og for kommunen som heilskap. I nært 60 år er han ein av dei som har stått på for å utvikla, driva på fram og engasjera. Det hender meg og Alf Edvin snakkast på telefon, enten det er eit bygdamøte i emming, eller ein treng ein plass der besökande til Gullhuset kan gjera frå seg. Kvar gong eg snakkar med han så avsluttar han samtalena med at «Stå på – du e goe», desse godorda er noko eg set umåteleg stor pris på!

Eg er som ordførar svært stolt over det rause, varme og inkluderande samfunnet eg opplever me har her i kommunen vår. Det skal vere godt å bu i Sveio, enten du har budd her heile livet, flyttar inn frå ein annan stad i Noreg, eller, som me har opplevd no, at ein kjem hit frå andre stader i verda råka av krig og uråd.

Me treng varme og inkluderande bygder. Me treng bygder som opnar opp og ynskjer velkommen. Det er kjekt å møte på nye innbyggjarar som har flytta til Sveio, som har flytta til Bua, og som seie at det var full klaff – og at her er det godt å bu. Eg ynskjer å trekkja fram kafeen i Gullhuset som verkeleg gjorde eit positivt inntrykk på meg i fjor sommar. Det å ha ein plass å treffast, der ein servere litt kaffi og heimebakte kaker, der fastbuande, tilreisande og nyinnflytta kan møtast og byggja nettverk – det er noko som eg håpar de vil halda fast på. Me treng slike møteplassar, der ein kan bli kjend, for å hindra at ein vert sittande i einsemd.

Avslutningsvis ynskjer eg å gratulera dykk med det flotte paddel-anlegget som nå er sett i stand. Det er eit imponerande flott anlegg, som eg er sikker på at vil trekkja mykje folk her til bygda. Og det er med ein viss spenning eg ser fram mot 10. august, då eg skal i kamp mot Haugesundsordføraren når me offisielt skal opne bana. Men etter å ha snakka med tidlegare Haugesundordførar Petter Steen, som var i duell med dåverande ordførar i Sveio Jorunn Skåden når tennispista skulle opnast, så ligg Haugesund under med ein siger i Buavåg. Med Nils Konrad sitt sterke konkurranseinnsting, så kan det kanskje tenkjast at det no tid for å utlikne stillinga.

For det flotte landet vårt, den gode kommunen me bur i, og dei levenda bygdene våre, har me i dag pynta oss, heist flagget og sunge av full hals – og ete alt det is me berre klara! Takk til alle de som steller i stand desse feiringane – dykkar dugnadsinnsats er heil avgjerande for å skapa ein så flott dag!

Eg ynskje dykk alle ei fantastisk 17. mai-feiring!